

# Helse Vest Innovasjonsmidler

## Tildelingskriterier

---

Til: Innovasjonsnettverket  
Frå: Johnny Heggstad  
Dato: 21.09.2017

---

Satsinga på innovasjon er nedfelt i styringsdokumenta og såleis eit ansvar i det enkelte føretaket i føretaksgruppa. Det er likevel slik at det pågår både nasjonal og regional koordinering blant anna for å oppnå ein ennå betre effekt av innovasjonstiltaka.

Økonomisk støtte frå Helse Vest RHF vil bli vurdert ut i frå desse kriteria:

- Midlar som vert sett av regionalt skal først og fremst gi støtte til initiativ som understøttar den regionale innovasjonsstrategien, 2016-2020. Søknadar skal ta i vare minst eit av satsingsområda i strategien;
  - psykisk helse og rus
  - kroniske lidingar
  - kvalitet i behandlinga
  - effektiv ressursbruk*Det skal spesifiserast kva strategiske verkemiddel søknaden støttar.*
- Nytteverdi for helsetenesta  
*Prosjektet vil bli vurdert ut frå samfunnsmessig nytte og/eller kostnad-nytte for virksomheten. Det skal være brukerinvolvering i planlegging og gjennomføring av aktivitetene i prosjekta. Beskrive korleis dette er tenkt ivareteke.*
- Plan for gjennomføring. Beskriving av korleis prosjektet er tenkt gjennomført; ressurser, tidshorison, spredning, anna økonomisk støtte, etc  
*Ofte vil det vere fleire finansieringskjelder til eit innovasjonstiltak. Det kan være ein styrke ved at ein får meir igjen for egne midlar ved at fleire deltek. Det er forventa at prosjektet blir gjennomført innanfor den perioden det blir søkt for.*
- Regional dimensjon,- eit tiltak er regionalt når to eller fleire helseføretak er deltakarar  
*Det vil telle ekstra dersom fleire HF er med på same søknad.*

### Kven kan søke:

Søknaden må fremmes gjennom den institusjonen som har søknadsadgang (foretak i Helse Vest eller Private ideelle institusjoner med avtale Helse Vest). Søker har ansvaret for at søknaden er fullstendig, dvs. at søknadsskjema er korrekt utfyllt og at riktige vedlegg er lastet opp.

Dersom søknaden ikke oppfyller oppsatte vilkår eller er ufullstendig, kan søknaden bli avvist på formelt grunnlag.

### Vurdering

Innovasjonsnettverket gjer vurderingar ift kvalitet, nytteverdi og potensiale ut frå prioriteringane til føretaka. Men nettverket har ikkje formell innstillingsrolle. Det vil vere RHF-et som tildeler midlane.

